



TYSNES KOMMUNE

Tysnes kommune

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

Telefaks

Kulturdepartementet

UGGDAL, 09.09.2016

Saknr.
16/778

Dok.nr
5780/16

Arkivkode
000

Avd/Sek/Saksh
TK//STDAL

Dykkar ref.

ENDRING I FORSKRIFT OM STADNAMN - HØYRING

Frå møte i LANDBRUK/TEKNISK 06.09.2016, saknr. 116/16.

De vert hermed orientert om at det er gjort følgjande vedtak:

«Tysnes kommune meiner at framlegg til endringar i forskrift om stadnamn opnar for ein betre praksis i fastsetjing av stadnamn, og stør hovudlinene i utkastet.

Særleg viser kommunen til departementet si uttrykte målsetjing om at vedtaksorgana skal stå friare i vedtaksprosessane og kan få eit større spelerom innanfor rammene i stadnamnlova om fastsetjing av skrivemåten om stadnamn. Dette er sær viktig, og kommunen stør dette.

Kommunen meiner likevel at den endelege forskrifta, eventuelt lova, bør bli endå tydelegare med omsyn til at kommunen skal kunna ha avgjerande mynde i tilfelle av motstrid mellom normering og lokalt nedervd skrivemåte/uttale.

Tysnes kommune vil gje følgjande uttale til dei einskilde føresegnene i forskrifta:

§ 1. I andre ledd bør ordet «skal som hovedregel» vert endra til «bør som hovedregel».

§ 3. Tysnes kommune vil stø ordlyden i 1 ledd. I 2 ledd bør orda «Det kan likevel veljast, blir endra til «Kommunen kan likevel...». Tysnes kommune vil føresetja at «særlege grunnar» i 2 ledd om «regionale samleformer/reine dialektformer» ikkje blir tolka strengt, slik at kommunane kan avgjera slike unntak.

Tysnes kommune har ikkje merknader utover dette.»

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.